

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 18.12.2024

Vår ref.: 202416334-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet ved Vasstølvatn i Suldal kommune, Rogaland fylke

Me viser til søknad av 24.09.2024 frå Hydro Energi AS om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet ved Vasstølvatn i Suldalsvassdraget.

Om søknaden

NVE har fått inn søknad om løyve til å mellombels senke vasstanden i Vasstølvatn på inntil 5 m under lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 732,5 i perioden 01.01.2025 – 01.05.2025.

Hydro Energi AS er i gong med å gjere oppgraderingar ved reguleringsmagasina Vasstølvatn og Finnabuvatn, som er ein del av Suldalsvassdraget og vasskraftsystemet Røldal-Suldal. For å oppfylle NVE sine krav til damtryggleik er Hydro Energi AS nøyddde til å gjere tiltak ved dammane.

Ved dam Vasstølvatn skal dei no skifte tappeluken, føringar og hydraulisk opptrekk. Det er planlagt gjort ved å senke vasstanden under LRV, i staden for å gjere dykkararbeid, som var planen i utgangspunktet. Hydro Energi AS skriv i søknaden at dykkararbeid på denne tida i fjellet medfører risiko, noko dei ynskjer å unngå. Dei søkjer difor om å senke magasinet under LRV for å setje bjelkestengsel tørt og pumpe tilsiget over bjelkestengselet.

Høyring

Saka sitt omfang er avgrensa og ho har difor ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og saka er sendt på høyring til Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Setesdal-Ryfylke Villreinområde. Høyringsfråsegnene er lagt fram for søkjar for kommentarar. NVE meiner saka er tilstrekkeleg klargjord gjennom dette.

NVE har fått inn fråsegner frå Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland.

Rogaland fylkeskommune uttalar i brev av 21.11.2024:

Vi viser til det oversendte høringsbrevet fra NVE datert 03.10.2024. Høringsbrevet gjelder en søknad fra Hydro energi AS om å midlertidig senke vannstanden under laveste regulerte vannstand (LRV) på inntil 5 meter i perioden 01.01.2025-01.05.2025, i Vasstølvatn i Suldal kommune.

Det er nylig gjennomført regulering under LRV i samme magasin i forbindelse med vedlikehold, der fylkesdirektøren gav uttale i saken i brev datert 02.04.2024.



Fylkesdirektøren tilrår at det legges opp til at vannstanden skal senkes sakte under LRV som et avbøtende tiltak. Vi anbefaler at dette tas inn som et vilkår i en tillatelse, og at det også må iverksettes en overvåkning under nedsenkningen av vannstanden for å påse at senkningen skjer sakte nok til at det ikke skjer stranding av fisk.

Ut over dette har vi ingen merknad til søknaden.

Statsforvalteren i Rogaland uttaler i e-post til NVE den 11.10.2024:

Vi viser til høring av søknad om mellombels løyve til senking av vasstand for Vasstølvatn reguleringsmagasin i Suldal kommune, jf. brev av 03.10.24.

Nedsenkinga av Vasstølvatn må skje gradvis for å unngå stranding av fisk. Ettersom nedtappinga skal skje vinterstid, må ein òg unngå innfrysing av fisk som vil kunne stå att i mindre kulpar.

Statsforvaltaren har elles ingen merknadar til tiltaket.

Hydro Energi AS hadde ingen kommentarar til fråsegnene.

NVE si vurdering

NVE kan gje løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Dam Vasstølvatn er i konsekvensklasse 3 etter damtryggleiksforskrifta, og Hydro Energi AS er pålagt å betra feil og manglar på dammen etter vedtak frå NVE (jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5). Manøvreringsreglementet fastsett ved kongeleg resolusjon av 03.05.1974 tilseier at Vasstølvatn kan regulerast på inntil 20,5 meter mellom kote 753,0 (HRV) og kote 732,5 (LRV). Hydro Energi AS skal no i gong med å skifte tappeluke i dammen med ny tappeluke, føringar og nytt hydraulisk opptrekk. Då dykking medfører risiko, ynskjer Hydro Energi AS å heller setje bjelkestengselet tørt og pumpe tilsiget over bjelkestengselet. Det inneber å regulere magasinet under LRV, og det vert difor søkt om løyve til å regulere magasinet inntil 5 meter under LRV i perioden 01.01.2025 – 01.05.2025.

Hydro Energi AS har nyleg hatt reguleringar under LRV i Vasstølvatn for å forsterke forstøttingsveggen i dammen. Løyvet til dette fråviket blei gjeve av NVE 22.04.2024 (sak 202401512). I søknad om løyvet til det fråviket, blei det skildra at moglege konsekvensar for fisk var auka konkurranse om matressursar i magasinet, og dermed redusert kondisjon. Under nedtappinga blei vassnivået følgt opp, og det blei ikkje observert stranding av fisk. I søknad om ny mellombels senking under LRV vurderer Hydro Energi AS dei negative konsekvensane for fisk som minimale.

Rogaland fylkeskommune rår til at det i eit eventuelt løyve blir sett vilkår om gradvise vasstandsendingar, samt ei overvåking ved senkinga under LRV for å unngå stranding av fisk. Statsforvaltaren i Rogaland rår også til gradvise vasstandsendingar og legg til at ein må unngå innfrysing av fisk som kan stå att i mindre kulpar, då tiltaket er planlagt vinterstid. Fiskebestanden i Vasstølvatn får eit mindre vassdekt areal som fylgje av ei senking under LRV. NVE meiner denne ulempa, og konsekvensane det kan medføre, kan aksepterast ettersom tiltaket er av mellombels karakter og er naudsynt for at dammen skal oppfylle NVE sine krav til damtryggleik. Samstundes er NVE er einig med høyringspartane om at avbøtande tiltak som skildra er naudsynte for å unngå ytterlegare negative konsekvensar for fisk, som stranding.



Vasstølvatn ligg innanfor Setesdal-Rylfylke villreinområde, men magasinet ligg ikkje innanfor særskilt sensitive område for villreinen, som kalvingsområde eller trekkområde. NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til negative konsekvensar for villrein.

Basert på søknaden og høyringsfråsegnene kan ikkje NVE sjå at tiltaket som er søkt om vil vera til varig skade for nokon kjende ålmenne interesser eller dei økologiske forholda i vassdraget. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når vedtak blir treffe, jf. naturmangfaldlova §§ 8 til 12. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmåla for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5. NVE vil samstundes påpeike at tiltaket er av mellombels karakter og av relativt kort varigheit. Det vert òg rekna som naudsynt for å følgje opp krava i damtryggleiksforskrifta.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Hydro Energi AS kan fråvike krav i manøvreringsreglementet for Vasstølvatn (fastsett i kongeleg resolusjon av 03.05.1974), og kan senke vasstanden i Vasstølvatn med inntil 5 m under LRV i perioden 01.01.2025 – 01.05.2025.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller blir unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Råka partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir vidare bedt om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagegang.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarleg

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef



Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Godkjent av Brit Torill Haugen
Seniorrådgiver

Rune Flatby
Spesialrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Setesdal-Ryfylke Villreinområde



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.